

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vesøy

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skolehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

På mindre gardar og husmannsplassar, der det ikkje var hest, vart det å dra eller bere høyet i hus anten det var frå heimebøen eller frå utslåttar.

Her i grenda (Rødven) vart det slutt med slått i utmarka for omlag 80 år sidan etter utskifting av utmarka (1865). Det som til denne tid hadde vore utslått i utmark vart då utlagt til hamn - og tidlegare utmark, som låg nærmare heimbøen og vinnlegare til, vart innlagt til innmark (dyrkings- og slåttemark).

Undanteke at ein einskild husmann slo stølgjerdet til ein nabo so seint som nokre år etter hundradårsskiftet, var utslåtten for det meste slutt på same tid for både støvøre og mindre gardsbruk. Seinare vart det berre som ei naudhjelp at dei slo i utmarka, og soleis kunne ^{skikken} ~~dei~~ sjølvsgatt hange noko lenger i.

Transporten av høy for dei som ikkje åtte hest, var, som nemnd i byrjinga, anten å dra eller bere det.

Stakking av høy hev ikkje vore i bruk her i manns minne. Til utløa og (eller) tørkeplassen var det å køyre, for dei som hadde hest og lendet var sopass jamnt og lagleg at dette gjekk an. Var det sers brattlendt og (eller) ujamn, storsteinut ("storgrytt") mark, so var det

å bere høyet fram eller dra det på "slo" (ei) .

Køyrde ein høyet fram med hest, var det bruka slede.

Bar ein det fram, var det anten med kipeband (eit) eller med "topp"? (namnet ukjend her). Men etter som eldre folk

var det noko dei laga av ²vidjer eller kvistar som var

festa saman i grannenden . Ein la so høyet (kjemde det)

på eine halva av denne "toppen". Ein måtte so ha ein hjel-

pesmann som letta byrda på . Grovenden på den halve "top-

pen" låg då inn til ryggen på han som bar, og den andre

halvdelen av den ha beraren over aksla. Når han so kom

fram til plassen der høyet skulde lessast eller tørkas,

"skok" han på seg litegrand, - og bera datt av han meddi at

den halva av "toppen" som låg mot ryggen, då seig ned.

Sloa var mest og kanskje berre bruka til å dra rått gras

på ("Dra rånøy på slo"). Var det brattlendt og ikkje for

ujamt, kunne ein vanleg sterk kar greie oppimot heste-

lasset. Ein tok til å lesse framme, slik at "lasset"

var lågaste bak.

Kipebandet var laga slik at det var ei lykkje i grann-

enden anten av taug eller vidje som ein so stakk sjelve

berestauren (trestamma) igjenom, når bera var stornok.

Eller ein kunne berre fletta saman kipebandet i enden,

slik at ein fekk ei lykkje av dei granne lauvkvistane som

var der. Heile beregreida (kipebandet) var som regel hogd

av ei ung fersk bjørk. For at høyet skulde ligge i kipe-

bandet, måtte ein kjemme det i (små) borer (kjemmer) for å

få det til å ligge på bandet . Ein ha kipebandet over

aksla (høgre), når ein bar bera. Ein hjelpesmann, som sto

bak, måtte løfte opp bera n når beraren skulde reise seg

opp. Borna var ikkje vanleg med på dette arbeidet.

Meis, som var laga av ~~stekt~~ taug, hev ikkje vore

i bruk noko her i grenda so folk kann minnst.

Kiper til å bere gras eller høy i er ikkje i bruk no.

Heller ikkje trillebår eller bære *til dette bruket*.

Høyet frå utslåttane var køyrd heim både om sommaren og om vinteren . Hadde ein ikkje utlør, måtte ein køyre det heim om sommaren, når ein ikkje bruka å stakke det.

Den tid det var vanleg utslått her, var det vel bruka berre slede til høytransport - både sommar og vinter. Høysleden var omlag 4 alner. Sledene var ikkje skodde for høytransport korkje vinter eller sommar. Heller ikkje var det reglar for kvar ein ha lov til å køyre med mei eller hjul. Til høy- og kornkøyring var det bruka vanleg arbeidsvogn (langvogn), som det so seinare vart sett karmar eller grindar på (millom 1880 og 1890). Her mest kalla "karmar" (ein karm). Desse var laga av av trespildror - ei treråme med innsette spildror. Det var to "sikarmar" og tvo "endekarmar", altso 4 deler. Seinare då streng vart vanleg til hesjetilfang, vart det berre ytteråma på karmane av tre og so ein eller tvo spildror eller stavar av tre på midten - elles vart trespildrone bytt ut med streng. Før karmane kom vanleg i bruk måtte ein legge lasset opp i borer eller kjemmer (ei kjemme) . På eit vanleg lass gjekk det 6 kjemmer. Reglar for det siste lasset var det ikkje. Ein skrapa ihop det som fanns.

Før karmane på høyvogna kom, måtte ein gyrde (i dialekten her "gjøre") lasset. Ein bruka då ei høytang. Høytanga var laga av tvo tvertre - noko kortare enn sleden eller vogna var breid til - og tvo langtre helder kortare enn sleden eller vogna var lang til. Langtrea, som var av ein sterkt og bøygeleg treslag (bjørk, hegg, ask e.l.) og på omlag ein cm. tjukkeleik og ein dm. breid, var so tappa inn i tvertrea. Tauget som ein "gjøra" lasset med, når ein bruka tang, vart kalla "Tangsim". Når ein bruka tvergjøring liksom ved eit vealass, ~~vart~~ heiter det reip. Noko fast samhøve millom høystakk og lasset eller millom sommarlass og vinterlass kjenner ein ikkje til her.

Her var ikkje bruka meir enn 1 hest for høysleden om sommaren.

Samslått (fellesslått) kjenner ein ikkje til her.

Oppskrifta er delvis etter eiga røynsle og delvis etter tradisjon.

Heimelsmann: Ingebrigt Dalset, fødd 1872, gardbrukar h,v.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

285